



Arkivnr: 2014/560-65
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

Distribusjon av elevrådshandbok til vidaregåande skular

Samandrag

Ungdommens fylkesutval har utviklet og klargjort ein elevrådshandbok som det er vedteke at skal distribuerast med fire eksemplar til kvar vidaregåande skule. I dialog med opplæringsavdelinga har følgjande faktorar kome fram:

- Omgrepet administrasjon vert ikkje brukt lenger, omgrepet som vert brukt nå er leiing.
- Det eksisterer ikkje foreldrearbeidsutval på vidaregåande skular. Det er nemnt FAU i brosjyren.
- Opplæringsavdelinga arrangerer ein konferanse for rektorar, elevinspektørar og nyvalde elevråd i slutet på september kvart år. Ungdommens fylkesutval kjem til å verte invitert til denne konferansen og kan dele ut elevrådshandboka her om ønskjeleg.

Forslag til avgjerd

1. Ungdommens fylkesutval vel å byte ut omgrepet administrasjon med omgrepet skuleleiing, samt fjerne FAU frå den endelige versjonen av elevrådshandboka.
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å delta på konferansen arrangert av opplæringsavdelinga i slutet av september.
3. Ungdommens fylkesutval vedtek å distribuere elevrådshandboka på den same konferansen.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.